

Rasmus Løland – Undrande og skapande

Rasmus Løland vart fødd på garden Løland i Vanvik i Sand sokn i Ryfylke 24. mai 1861 som nummer fire av seks sysken. *"Garden Løland ligg på nordsida av Hylsfjorden - ein smal, djup fjord, som skjer seg to mil beint i aust inn millom fjelli inst i Ryfylke. Der er ovende varmt um sumaren og der er vel ikkje mange stader i landet, det er so jamnt mildt heile aaret."* (Frå 'Sjølviografi')

Han kom frå ein etter måten opplyst heim og får gå på amtskulen på Sand som 16-åring. Han vert på denne tida ramma av hjarte- og nervesjukdom som fylgde han heile livet. Han seier sjølv: *"Med denne sjukdomen kom den store vendinga i livet mitt. Han snudde opp ned på heile mitt tilvære."* Like fullt er han med og startar Sands Venstreforening i 1890-åra.

Løland viste tidleg interesse og talent for skrivning, og som 19 – åring leverer han fyrste bidraget sitt til *Fedraheimen*. Han debuterer med boka *Folkeliv* i 1891 og sidan kjem ei eller fleira bøker frå Rasmus Løland kvart år fram til han døyr 12. oktober 1907, 46 år gamal.

I 1895 flytta Rasmus Løland til Kristiania og busette seg der. I 1898 vert han medlem av forfattarforeninga og året etter får han statsstipend og dreg nedover i Europa. I 1902 vert han redaktør for Norsk Barneblad og året etter sit han som styremedlem i Det Norske Samlaget. Same året kjøper han *"eit hus og eit stykke jord på Laabraaten ved Hvalstad"* - i hagen til Arne og Hulda Garborg. Etterkvart får sjukdomen han har slite med heile livet sterkare tak og han døyr i 1907, 46 år gamal.

Sitat av Rasmus Løland:

"Ingen indianar kan vera meir samanvaksen med urskogen sin en eg med desse skogarne og urenne. Der samla eg eingong vokstrar. Der dreiv eg so mangei tung stund. Der skulde eg óg ynskja aa verta lagd djupt innunder steinarne eingong."

"Eg sat ofta uppaa stovelemen, men der var det so kaldt um vinteren, at eg vilde stivfrosa paa føterne. Einaste raadi var daa ofta aa sitja i fjoset og ha papiret paa ei fjøl. Mangt av dét eg hev fengje ut i bøker, er upphaveleg skrive i fjoset."

Rasmus Løland markeringa 2007-2011 – markering av mennesket, forfattaren, journalisten og samfunnsbyggjaren Rasmus Løland. Prosjektet ynskjer å stimulera barn og unge si interesse for å lesa og skriva.

Rasmus Løland skreiv bøker for barn og vaksne, mest kjend er han for sogene om: *Det store nashornet, Kvitebjørnen, Kor vart det av joli?, Bjednekniven, Smaagutar, På sjølvstyr* og *Aasmund Aarak*.

For meir informasjon: www.nashornet.no

STIFTINGA RASMUS LØLAND-MARKERINGA 2007 – 2011

Nordenden 2, 4230 Suldal

tlf. 52 79 06 20

E-post: post@nashornet.no

UNDRANDE OG SKAPANDE

www.nashornet.no

